

Kolstad 2/3-21

**Søknad om dispensasjon for rehabilitering/ vedlikehald av naust og bryggje/kai, samt mindre utviding av bryggje GBNR 60/7 i Alver kommune.**

Tiltaket krev dispensasjon frå pbl § 1-8, forbod om tiltak langs sjø, samt gjeldande kommunedelplan der område er avsett til LSF (spreidd fritidsbustad). Tiltaket krev også dispensasjon i høve til omsynssone H570 som gjeld «Den indre farleia.»

Bakgrunnsinformasjon:

Hytta på gbnr 60/7 vart oppført i 1935 og naustet om lag i 1960. Hytta vart så riven og ny oppsett i 1968. Trebryggja vart oppført kring 1970. Oldefar til tiltakshavar var kaptein på DS Horden som mellom anna gjekk i rute frå Bergen til Fedje via «Den indre farleia.» Han gifta seg med ei kvinne frå grenda der og son hans William Andersen bygde hytta og seinare naustet.

Tiltakshavar har nyleg fått avslag på søknad om riving og oppføring av nytt naust med same plassering og grunnflate, men noko auke av takhøgde samt mindre utviding av kai/bryggje. Avslaget var grunna med at søknaden ikkje var fullstendig og dermed ikkje kunne handsamast.

**Ny søknad omfattar:**

Rehabilitering/ vedlikehald og endring av fasade på naust samt sikring av kai og mindre utviding av bryggje. Form og høgde på naustet vert ikkje endra.

Dette innebær skifte av kleddning og deler av ramme og råteskadde bærekonstruksjoner. Endra plassering av dører og montering av vindauge i nordvest. Sikring av kai for utgliding samt renske bort stein frå det opprinnelige båtopptrekket i søndre ende og utvide bryggja over dette området. Rehabilitere eksisterande bryggje ved å skifte ut råteskadde pilarer, bæring og golv. Utvide bryggje ved å «kle inn» eksisterande trapp i nordvestre enden. Montere leider for tilkomst frå sjø på bryggekanten.

**Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:**

Tiltaket er ikkje synleg frå skipsleia.

Tiltaket ligg tett ved campingsplass på «Kaldneset» der det er plassert campingvogner og spikertelt. Dette «forureiner» svært mykje meir visuelt enn omsøkt tiltak som vil framstå som ei «naturleg» bryggje med naust.

Tiltaket ligg også svært nært eit hyttefelt på «Buskeneset», eller «Klubbane» og «Stølane». Dette feltet er eksponert langs leia og ligg om lag 350 meter sørvest for naustet. Sjå vedlagt kartutsnitt.

I avslaget på søknaden frå november 2020 er det vist til kommunedelplanens punkt «2.6.3 *Omsyn til havnivåstigning og stormflo.*» 3. ledd.

Det vi søker om her er eit naust som er i sikkerhetsklasse F1. Dette omfattar byggverk med lite person opphold med risiko for små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvenser. Naustet vil også definerast som byggverk som i kraft av sin funksjon er plassert i flomutsette områder til liks med kaier, bruver, pumpehus og lignende. Desse vert konstruert og oppført slik at dei er i stand til å tolle belastninger av ein flom/ stormflo. Sjå veileddning til TEK 17 vedlagt. Ifølge Kartverket sine prosjeksjoner for endring i havnivå frå 2015 er framskriving av havnivå til perioden 2081 til 2100 være 50 cm med eit intervall på 20-70 cm for Bergen. Dette etter RCP2.8 som er den strengaste tolkninga. Sjå vedlagt rapport. Slik vi ser det vil både naust og kai/ bryggje mest sannsynlig kreve oppgradering og vedlikehald når vi skriv 2080. Ein vil då ha fasit med omsyn til havnivå og kan då sökje om nødvendig endring av plassering og høgde.

Slik vi ser det vil tiltaket ikkje være til ulykke for naboar eller omgjevnader / miljø eller redusere den visuelle verdien av «Den indre farleia.».

Ing. Taule AS



Karl Atle Taule